

Referat frå møte i SU og SMU på Hognestad skule 17.04.2024

Tilstades:

Asgeir Lystvet, avdelingsleiar og sosiallærer
Oliver Ellingsen, elevrådsrepresentant
Torkel Ohma Wiig, elevrådsleiar
Pia Fjellanger, nestleiar elevrådet
Oddny Dubland, FAU
Kristian Hognestad, FAU leiar
Kjetil Hustoft, politikar levekår
Hanna Aase Undheim, tilsett
Kristin Sando, tilsett
Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Saker:

Sak 21 Olweusundersøkinga – Asgeir orienterer

Skulen er med i eit antimobbeprogram der 4.-7. trinn gjennomfører årleg undersøking om mobbing og trivsel. Olweusprogrammet har og ei fast prosedyre som trer i kraft når skulen får mistanke om eller informasjon om at nokon vert mobba, slik at me jobbar systematisk i kvar sak.

Funn i undersøkinga; Det er elevar ved Hognestad skule som oppgjev at dei har blitt mobba den siste tida. Mobbinga skjer på skuleplassen eller anna plass på skulen, men kan og skje til dømes i garderoben, på mobil/ipad, eller i klasserom utanom undervisning. Type mobbing er variert, men mest verbal mobbing/kommentarar, knuffing, truslar. Me har utfordring med språkbruk, røff leik, knuffing og dytting. Mobbinga som skjer på skuleplassen skjer ofte i konkurransar/leik til dømes brentball eller i ballbingen.

Kva gjer skulen? Me undersøker vidare, kva er andre stader, SFO går i gang med Marte Meo, me har hatt foreldremøte med tema frå Redd Barna om språkbruk. Me vil fortsetja å jobba med språkbruk, jobba med at elevane skal forstå kva orda dei bruker tyder, og ha samarbeid med foreldra. Me vil ha aldersblanda aktivitetar og fortsetja det målretta arbeidet i klassane der det er mobbing, samt ha eit positivt fokus, og vera bevisst på sosial trening vs ukultur!

Positive teikn; Undersøkinga viser òg at det er høg trivsel på Hognestad, elevane kjenner seg ikkje utestengde, og me jobbar med dei klassane der det er rapportert mobbing. Det er ingen av elevane som svarer at dei trivst dårleg eller særst dårleg, og me kan slå fast at det er eit godt miljø på Hognestad skule der alle har minst ein ven i klassen.

Kva kan SU gjera? SU støtter arbeidet skulen tenkjer å gjera med elevane og dei føresette.

Sak 22 Mobilfri skule – Høyring og uttale frå SU. Frist 19.april.

Alle skulane skal ha ein høyringsrunde i høve til nye anbefalingar frå UDIR, og det skal gjerast vedtak om ei lokal forskrift i høve til mobilbruk. Dette er forslaga til endringar i kommunal forskrift;
*Elevane har plikt til å leggja mobil og smartklokker igjen heime, eller følgja lokale reglar for oppbevaring på skulen (sekken). SU støttar forslaget.

*Mobil og smartklokker blir inndratt inn dersom dei er synlege eller vert brukt i løpet av skuledagen. Dersom eleven ikkje gjev frå seg mobilen frivillig skal heimen kontaktast. SU støttar forslaget.

*Alle skular skal vera fri for mobilar i timar og friminutt. Skulen skal ha system for oppbevaring td i sekken. Spesielle tilfelle kan gje unntak. SU kjem med følgjande innspel; Det er viktig at dei andre rundt også er informert om kvifor det er lov. Elles ok.

*Brot på reglement i hht mobilbruk kan føra til nedsett karakter i orden. SU tenkjer det er ok.

Lokalt på Hognestad skule;

På Hognestad skule har me reglane nedfelt i Trivselsreglane:

Elevrådet anbefaler at mobil og smartklokker skal vera avslått i sekken, og ved brot på desse blir mobilen/smartklokka inndratt og foreldra må kome og henta den/dei

.

Kva med skulebuss? Der har det vore episodar der elevar har opplevd det utrygt. SU anbefalar at ein avventar og ser om det vert situasjonar, og tek tak i det då. Det kjem òg innspel i høve til leksehjelp. Reglane godkjennes lokalt.

Sak 23 Saksframlegg til Skulebruksplan – Kva bør SU gjera vidare?

Rektor innformerer om møte i levekårsutvalet i dag, der seks av ni representantar stemte for å behalda skulen, forutsatt at ein ikkje bruker mykje lenger på rehabilitering/nybygg. Ein kan bruke av fellespotten til nødvendig vedlikehald.

Saka skal no opp i formannskapsmøtet og deretter endeleg avgjersle i kommunestyret 7. mai.

Frp har vore i kontakt med kommuneoverlegen, som seier skulen er godkjend, han kjem ikkje til å stengja skulen slik den er no.

Ihht miljøretta helsevern er skulen godkjend med kompenserande tiltak.

Kva kan SU gjera? Det kjem innspel om at ein saknar ROS og konsekvensanalyser i forhold til ei eventuell nedleggjing.

SU er og bekymra for trafikken rundt Rosseland skule. Det blir auka trafikk pga bussing. Det er liten plass for bussen til å snu ved skulen.

Kva med dei elevane som bruker SFO? Hognestad elevane som no går og sykklar til skulen må køyrast pga lang skuleveg. Desse skal hentast og då blir det endå fleire bilar i området.

Bør skulen senda oppdatert informasjon til dømes i høve til dei punkta som vart tekne opp med kunst og handverkrom? Laga oversikt over kva som må gjerast, og kan me gjera ting å èi anna måte?

Kan me marknadsføra bygda og skulen på det nye Stemmenfeltet for å få fleire elevar til å starta på Hognestad skule ved skulestart på 1.trinn?

Sak 24 Anna

Neste møte blir til hausten

Referent Kristin Sando